

**Fra:** Sverre Solberg  
**Sendt:** 12. september 2014 15:12  
**Til:** Inger Opheim Hindenes  
**Emne:** VS: Hytta på Ostereidet Gbnr 234/41. 2014/5337.

Hei Inger !

Her er svaret på brevet eg mottok frå Steinbakk.

Vil du kopla det på 2014/5337 i Acos ?

Mvh.

Sverre.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Sverre Solberg  
Sendt: 12. september 2014 14:52  
Til: 'Bjørn Steinbakk'  
Emne: SV: Hytta på Ostereidet Gbnr 234/41. 2014/5337.

Hei Bjørn !

Først må eg sei, eg vart noko forundra over at personen hjå Kartverket på Hønefoss ikkje kunne gje deg eit forståelegt svar på henvendelsane dine.

For meg verka det som at den myndigheita som har fredningsavtale med garden i Heltveit, må skriva ei erklæring der dei seier at dei kvadrat-metrane som gjekk frå gbnr 235/1 til gbnr 234/41 ikkje er råka av fredninga.

Få tak i dødsattesten på dei avdøde personane som har kår eller føderåd på garden i Heltveit og få desse papira inn til tinglysinga på Hønefoss, burde vera eit anna bra råd i denne saka !

God helg !

Mvh.

Sverre Solberg.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjørn Steinbakk [<mailto:BJS@os-ho.kommune.no>]  
Sendt: 9. september 2014 12:39  
Til: Sverre Solberg  
Emne: Hytta på Ostereidet

Bjørn Steinbakk  
Øvre Varåsen 50

5210 Os

09.09 2014

Lindås kommune

v/ Sverre Solberg.

Tinglysing av arealoverføring frå gbnr 235/1 til gbnr 234/41 Heltveitvegen 62, 5993 Ostereidet.

Jammen kan ting verta vanskeleg ! Eg veit ikkje heilt korleis eg skal gripa an dette. Det er utruleg at det offentlege forventar at menigmann skal ha innsikt / sjå løysningar i slike saker. Har hatt ein telefonsamtale med sakshandsamaren i kartverket i dag utan å bli noko klokare. Eg treng hjelp! Punktet om føderåd: Ivar og Ingeborg Heltveit har jo begge gått bort, og kan vel derfor ikkje ha rettar om føderåd. Reknar med at føderåd var noko dei oppretta i forhold til etterkomerane som overtok eigendomen. Enten må det la seg gjera å stryka føderådet, eller så er det slik at det er etterkomerane sjølve som sit med føderåd på noko dei sjølve disponerer. Kor er logikken?

I forhold til fredningsvedtaket veit eg mindre. Hyttetomta kjem ikkje inn under fredningsvedtaket, men Heltveitgarden gjer. Etter det saksbehandlaren las opp, var det ingen moment i fredninga som ein finn att i den knausen denne arealoverføringa gjeld. Det må då gå an å ovetføra ein slik knaus utan at det skal bli sett på i forhold til dette fredningsvedtaket. Kven som eig ein knaus som ikkje har betydning i forholdet blir vel likegyldig.

Sakshandsamaren i kartverket drog og inn at kjøparen av hytta hadde eit lån på 680 000kr som ein heftelse på eigendomen. Kan dette og vera eit problem? Heftelsen står der uansett om me får gjennomført overføringa eller ei. Dersom overføringa blir gjennomført, blir den nye parten ein del av heftelsen, men dette kjem jo ikkje til å få noko betydning for Heltveitfamilien. Dersom dei tenkjer andre vegen, at dei 2-3 m2 som vart overført til vegen er belasta, må det vel gå an å ordna på dette.

Ho trakk og inn forkjøpsretten til Hans Petter Eide. Dette er tatt med som ein heftelse i kjøpskontrakten og må vel derfor kunne og stå som ein heftelse i arealoverføringa. Etter dei samtalaneg har hatt med Hans Petter, har han aldri reelt vore inn på tanken om å bruka retten. Eg har orientert han om salget og vist til paragraf 12 andre ledd i lova om forkjøpsrett. Dette medfører at forkjøpsretten går ut i slutten av denne månaden.

Håper du kan hjelpa oss i arbeidet vidare. Vh Bjørn Steinbakk